Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 80

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Folkemedisin.

Oppskr. av: Edv. Standal

(adresse): Ulsteinvik.

Fylke: Møre og Romsdal

Herad: Hjørundfjord

Bygdelag.

Gard: Standal.

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Sp. 1.

Innstilling til sjukdom har skifta mykje. Før var det lite teke omsyn til kroppen, og ein var ofte uvyrden med helsa. Klædsaker, og reinsemd var det jamt ikkje brydd seg om. Ein gjekk ofte så lenge „halvsjuk“ at det var for seint.

No har dette synet og den innstillinga blitt annleis. Kroppen, og helsa tek ein meir omsyn til. Det er jamt slik at merkar ein noko (sjukdom) så prøver ein bøte på dette snarast råd er. Ved tvaning, reinsemd, kleding - medisin - dokter - hygge - m. m. søkjer ein no å passe på.

Eg har det inntrykk at folk var meir hardfør før enn no. Fleire av dei gamle eg minnest var reine bjørnar i så måte. som „Rasmus“ - som braut kragbein - sat ein heil kveld på møte, og rodde heim ca 1 mil åleine - mest berre med ei hand utan å nemna det. Eller „Jakob“ som tok knipetang og reiv jekslen ut. o. l. b. I skog og mark, på sjø og land i kulde og slit -. Det var ei hardfør tid

16137

Sp. 2

Jau, dei visste nok om ymse sla smitte og skarlagensfeber - tyfus - eller ofte kalla dei slike sjukdomar for „sotta". Det vart brukt om sammanum på sjukdomar dei trudde var smitsame.
Turka einebær. kjerringrokke - kamfer - brukte dei gjerne - Kamfer kunne dei gjerne bere på seg, gjerne i ein tyypose med snor i kring halsen -

Sp. 3

Ja. det hadde dei gjerne forhand - Brandsalve. - olje - kjerringrokk. einebar log. høyfrølog - øl - portvin - brennevin rigabalsam - nafta - terpentin - honning jod - lysol - lakris. - -

Sp. 4

Ja. det var gjerne ei eller stundom 2 kvinner på garden som gjerne hadde stendigt slike medisiner forhand. Difor gjekk ein ofte dit, dersom ein mangla noko. Dei rikaste buen og gardar var gjerne best utstyrt med slike ting.

Sp. 5

Ja. det var mest utenkjeleg at nokon ikkji fekk låne medisin. Det var som ein uskriven lov. at alle skulle hjelpa „Var der nokon som der leid vondt" - -

Sp. 6

Kvar hadde vi ikkji - (der var berre landveg) Tjøre brukte ein mykji å smyrgji kring sår eller rift - ofte på husdyr som var plaga av insektstikk - Elles brukte ein å ~~[illegible]~~ koke tjøre og så let ein den sjuke anda inn eimen frå tjøra - Det brukte ein mot brystsjukdomar - bronkitt - asma - tuberkulose.

16137

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Sp. 13.

Både og. Helst gjekk det, og vart overlevert munnleg.

Sp. 14.

Det var lite eller inkje på vår gard. Men der var ein nokså orginal kar som heitte Strandabö-Ola, han hadde almanakken frå 1863. Der las han og hugsa mangt og mykje. Det kom nye folk på garden som ikkje hadde sans for det han for med – og sidan er alt burte. Han var litt av ein bygdelækjar og.

Sp. 15:

1. Var folk sjuke av hodeverk gjekk vi etter is og pakka den i töy og la det på panna.
2. Elles var kalde og varme omslag vanlege
3. Parafinolje og matolje var brukt for gikt
4. Mor hadde jamt kandissukker som ho gav oss for hoste.
5. Mor samla brennenesle og björka-mose kva ho brukte det til, veit eg ikkje
6. Kjernesåpe var jamt brukt når kvinne fekk brystsvull.
7. Karve, kokte dei te av, helst for forkjöling.
8. Natron brukte ein ofte for fordöyelses-sjukdom.

II. Bygdelækjarar.

Utanom det eg har svara på spörjelista: „Dei kloke". har eg så få eksakte opplysningar, at eg tör ikkje gje meg i kast med det. Eg har og no vanskeleg for å finne nokon som kan gje meg oppl. om dette. Eg veit berre for visst at det var „fint" for folk hjelpsamt at og sökte gje råd og rettleiing når noko stod på. Og mange eldre kvinner var flinke når det galt hus råder.

10/2-61. Edvi Standal

16137

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Sp. 7.

Ja, det brukte ein selleg om ein hadde skygg, vond hoste eller mykje „slim". - Eg går ut frå at „treak" er vel det same ~~to~~ som „lakrits" - og det fekk ein kjøpt i ferdige stenger. Kva det var laga av kan eg ikkje seia. Eg har høyrt det var ei fleiråig planta som veks ein [eller fleire] stader i verda og som ein brukar til framstelling av lakrits. ( ? )

Sp. 8.

Ja, det var kjend og brukt. Korleis dei brukte det veit eg ikkje visst, men det vart rekna for å vera ein kraftig og hard kur om ein brukte noko sovore. Eg hugsar at ein gamal mann sa: Her hjelper inkje anna enn „dævelsdrekk og tvette". - - -

Sp. 9.

Det var helst husmor og husbonden. Dei hadde lært det av sine foreldre, og hadde sakert vissa for dei rette. Ikkje minst var det viktig å gjere dette i „rette tid".

Sp. 10.

Ein sökte å preparere dei ymse ting. turke, stelle det før ein ~~opp~~ gøymde det i papirposar, eller gøymde i skap og kister. Dei mengde fleire slag urter saman og hadde dei på tette boksar. Ofte skulle dei gøymast på ein mørk stad.

Sp. 11

Ja, ein fekk ymse te-sortar stundom på apotek. Men jamnast mengde ein det sjølve - når det vart kalla kjerringråd.

Sp. 12

Det kan eg ikkje minnast.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

16137